

Kandidatar:



1. **Asmund Wold (KrF).** 68 år.
Gardbrukar, agroteknikar og med lang fartstid i foreningsliv og politikk.



2. **Syver Thon (V).** 51 år.
Sjølvstendig næringsdrivande, bussjåfør og politisk aktiv gjennom mange år.

VENSTRE



3. **Terje Bjørnødegård (H).** 62 år.
Drosjeeigar og drosjesjåfør med stort engasjement.



4. Anne Marit Stensæter (KrF)
5. Fredrik Holte Breien (V)
6. Gunnar Sande (H)
7. Håvard Telstø (KrF)
8. Torgun Thon Hagaseth (V)
9. Hilmar Berg (H)
10. Magnhild Claudius (KrF)

11. Ingjerd Thon Hagaseth (V)
12. Kjetil Korsvoll (H)
13. Ingrid Sveen (KrF)
14. Ole Knut Steinset (V)
15. Yulianna Bykova (KrF)
16. Svein Bjørnødegård (H)
17. Kåre Ingvar Johansen (KrF)

Høgre, Kristelig folkeparti og Venstre Program for valperioden 2019- 2023





Høgre, Kristelig folkeparti og Venstre

Program for valperioden 2019- 2023

Etnedal kommune skal framleis vere ei god kommune å bu og vekse opp i med engasjerte innbyggjarar. Kommunen er veldriven med lokal og god kompetanse. Likevel ser vi at det skjer endringar som gjer at folketalet er synkande, noko som påverkar både kommunen og oss som bur her. Vi vert fleire eldre og mange av ungdomane våre flyttar ut. Vi må rette blikket framover, ta utfordringar og skapa trivsel og vekst.

Etnedal kommune må ta ei meir aktiv rolle for å stimulere bustadbygging, næringsutvikling og stadsutvikling. Forsking viser at kommunar som lukkast med vekst og utvikling er samhandlande, ambisiøse og gode tilretteleggarar. Det skal vi vere i Etnedal!

// Vekst i Etnedal

Jobb nummer 1 er vekst i folketalet. Vi kan lukkast ved at kommunen arbeider langsiktig og framtidsetta som samfunnsutviklar og vere ein viktig medspelar for dei som ynskjer utvikling. Det er viktig at vi alle engasjerer oss og får fram det beste i kvarandre. Vi må profilere oss og sørge for å synleggjera Etnedal sine fortrinn som ei god kommune å bu i. For å skape vekst må vi:

- sørge for at vegane gjennom kommunen prioriterast av kommune og fylke
- sørge for ei vidare utbygging av breiband og fiber
- leggi til rette for bustader og næringsareal
- stimulere etablerarar og næringsliv gjennom aktiv bruk av næringsfondet
- støtte opp om aktivt jordbruk, skogbruk og reiseliv
- satse på entreprenørskap i skulen og bli medlem av Ungt Entreprenørskap
- videreføre utviklinga av Bruflat sentrum

// Den beste staden å vekse opp

Ein god barndom varer heile livet. God barnehage og skule, eit rikt fritidstilbod og eit trygt og omsorgsfullt lokalsamfunn er av Etnedal sine viktigaste kvalitetar. Vi vil utvikle dette ved å:

- ha tidleg innsats for born som treng ekstra støtte og omsorg, både i barnhage og skule
- vidareutvikle den gode skulehelsetenesten
- styrke pp-tenesta i Valdres
- utvikle sosial kompetanse og læring gjennom leik, fysisk aktivitet og auka bruk av naturen
- auke den digitale kompetansen hjå elevar og lærarar
- fremme godt kosthald og arbeide for at skulen kan tilby mat i samarbeid med til dømes helselaget og andre frivillige

// God omsorg og hjelp når du treng det

I Etnedal har helse- og omsorgstenestene høg kvalitet og det er gode og trygge tilbod for dei som treng det. Det vil vere viktig å:

- fortsatt prioritere god kvalitet i tenestilbodet i helse og omsorg
- sikre at pleie og omsorg vert ytt til det beste for alle brukarar
- legge til rette for fleksible løysingar i eldremomsorgen
- sørge for god førebygging og hjelp innan psykiatri og rus
- ta i bruk teknologi som GPS til demente for å betre tenesta

// Kultur- og fritidsaktivitetar for alle

I Etnedal stiller innbyggjarar opp og vi er gode på frivillig engasjement. Idrett, friluftsliv og kulturtilboda våre er viktig for samhald, inkludering, folkehelse, meistring og opplevingar. Vi må sikre desse tilboda gjennom å:

- styrke frivillige lag og foreiningar
- spele på lag med frivillige lag og foreiningar i tenesteutviklinga
- støtte opp om eit levande kyrkje- og menighetsliv
- vidareutvikle frivilligsentralen og BUA Etnedal
- tilrettelegging for fiske i Etna, oppretthalde turveger og laga naturmøteplassar
- ta vare på, utvikle og formidle informasjon om kulturminne (som Lunde bru, Kongevegen Etnenndammen og Mølla)

// Etnedal - smartare, grønare og tryggare

Vi ynskjer ei allsidig, framtidsretta og miljøvenleg kommune som kan vere med på å fremme sysselsetting og innovasjon gjennom:

- fortsatt utbygging av bioenergi
- omlegging til bioenergi på alle kommunale bygg
- hytteutbygging med fokus på miljø
- ta vare på og aktivt bruke kulturlandskapet
- satse på grøn teknologi og tenester som tek oss inn i framtida og stimulere til nyskaping innan miljø som gjev nye arbeidsplassar
- stimulere til søknadar om statleg tilskot for utvikling av ny miljøteknologi og miljøvenlege produkt
- ei arealforvaltning som sikrar område for friluftsliv og rekreasjon og ivaretaking av det biologiske mangfoldet

// Eit sterkt samarbeid

Vi har tru på eit breitt lokalpolitisk og interkommunalt samarbeid. Samarbeid er viktig for å nå måla vi set oss. Dei interkommunale tenestene er viktige for Etnedal kommune. Vi må:

- bidra til eit godt samarbeidsklima
- utnytte VNK sin kompetanse og fellesressursar
- ha eit aktivt samarbeid med Valdres Næringshage og Visit Valdres
- söke samarbeid over kommunegrenser for fleksible løysinger når det gjeld barnehagertilbod